

FORSVARSTUDIER

4/1990

**Weserübung:
Det perfekte
strategiske overfall?**

Olav Riste

Innhald

Innleiing	5
«Strategisk varsel»: Trusselbildet	6
«Taktisk varsel»: Etterretningsbildet	8
Meldingar til Oslo	8
Meldingar til London	11
Tolkinga av meldingane: Dei strategiske fordomane	14
Den politiske avgjerdsprosessen	21
Konklusjon	23
English Summary	25

Innleiing

Datoen 9. april 1940 har for lengst fått ein sikker plass i norsk historie, som stikkord for eit krisedøgn og eit problemkompleks. Ein velkjend variant av stikkordet har fått forma «lærdomen frå 9. april». Ei problemstilling som har stått sentralt i diskusjonen kring det som hende våren 1940 er denne: Kvifor kom det tyske angrepet så overraskande? Ei fullstendig behandling av dette problemkomplekset ville sjølvsagt sprengje alle rammer for ein artikkel. Eg skal derfor her avgrense meg til eit par spesielle sider av det - sider som synest spesielt interessante ut frå ein synsvinkel som i mange år har stått sentralt innanfor feltet «strategiske studiar»; ein synsvinkel som gjerne går under nemninga «crisis management» eller «krisehandtering». Perspektivet for det som følgjer kan også samanfattast i stikkorda «warning and decision» - varsel og avgjerd. Eigentleg er temaet tredelt, og omfattar 1) strategisk varsel, 2) taktisk varsel og 3) politiske avgjerder.

Hos dei mange som på statsvitskapleg basis har analysert spørsmålet om «varsel» i tilknytning til såkalla «strategiske overfall», er det blitt vanleg å skilje mellom «strategisk» og «taktisk» varsel. Strategisk varsel omfattar langsiktige indikasjonar om ein fiendes planar og førebuingar, medan taktisk varsel går på indikasjonar om at eit angrep er umiddelbart føreståande.¹ Korleis ser så forspelet til 9. april ut under ein slik synsvinkel?

«Strategisk varsel»: Trusselbildet

Dersom vi leitar etter strategisk varsel i forhistoria til den tyske invasjonen, må vi avgrense synsfeltet til perioden frå årsskiftet 1939/1940 og fram til april dagane. Før den tid var der ingen tyske planar eller førebuingar - iallfall ikkje i vanleg meining. Diskusjonen om manglande og/eller for sein oppbygging av det norske forsvaret i 30-åra; om allment aukande krigsfare i Europa i det same tidsrommet; eller om Norges allmenne strategiske situasjon i desse åra - dette er diskusjonstema som vi ikkje kan ta opp her.

Isolert sett er tidsrommet frå årsskiftet 1939-1940 først og fremst prega av indikasjonar på vestlege planar og førebuingar til militære aksjonar i Skandinavia. Både rykte, lekkasjar og konkret informasjon peika i retning av at Storbritannia og Frankrike arbeidde med planar og tildels førebuingar for militære aksjonar, og at målet dels var å hjelpe Finland, dels å stanse dei tyske malmforsyningane frå Nord-Sverige. Ei rekkje krenkingar av norsk nøytralitet, frå begge sider, gav generell indikasjon på ein spent situasjon, med innebygd fare for opptrapping. Det alvorlegaste tilfellet var her «Altmark».

Korleis reagerte så norske styresmakter på desse varsla? Stort sett på to måtar. For det første ved etter beste evne å styrke eller gjenreise tilliten til norsk nøytralitet, både i ord og gjerning, ved å behandle dei to krigførande partar likt. Det vil seie at ein generelt, overfor dei krigførande lands regjeringar og deira representantar, understreka Norges faste vilje til ikkje-innblanding i krigen. Andsynes ulike tilfelle av nøytralitetskrenking søkte ein etter beste evne å få klarlagt dei faktiske omstende, for deretter å avlevere dei diplomatiske protestar som situasjonen gav grunnlag for.²

For det andre kom desse strategiske varsla til å bygge opp under eit spesielt trusselbilde, prega av ei samankopling av ein primær og ein sekundær trussel.³ Den primære trussel var no som før Hitler-Tysklands aggressive og ekspansjonistiske politikk. Den var ikkje oppfatta som direkte retta mot Norge, men presenterte ein allmenn trussel mot europeisk fred og tryggleik som nok kunne få konsekvensar også for Norge. Isolert sett vart britisk flåtemakt oppfatta som den viktigaste - og i og for seg

tilstrekkelege - avskrekking mot tysk aggresjon med retning mot Norge. Men britiske krenkingar av norsk nøytralitet, og rykte og meldingar om vestmaktplanar om aksjonar mot Skandinavia, skapte eit nytt trusselbilde, der vestmaktene kom til å representere ein sekundær trussel på den måten at den kunne kome til å utløyse den primære. Med andre ord rekna ein med at Tyskland såg seg best tent med norsk nøytralitet, men at ein vestmakt-aksjon som eliminerte dei fordelar Tyskland hadde av norsk nøytralitet kunne utløyse tyske mottiltak retta mot norsk område.

Det norske trusselbildet kom såleis til å bli dominert av faren for at ein - i og for seg avgrensa - vestmakt-aksjon mot Skandinavia ville kunne utløyse ein meir omfattande tysk aggresjon mot norsk område. Derfor ser vi også at den norske utanriksleiinga vinteren og våren 1940 først og fremst er mentalt på vakt mot sekundærtrusselen - og det i den grad at ein forsømer å vurdere om primærtrusselen i mellomtida kan ha fått sitt eige liv, eller i det minste kunne vere i ferd med å frigjere seg frå bindinga til sekundærtrusselen. Med andre ord er der såvidt vi kan sjå ingen som innser at Tyskland kan ha sjølvstendige motiv for å slå til mot Skandinavia, slik at Vestmakt-planar eller mindre aksjonar blir påskot til i staden for utløyser for eit tysk overfall.

Med dette trusselbildet i mente er det vi må nærme oss det eg kallar dei taktiske varsel i aprildagane. Problemfeltet kring dei taktiske varsel er todelt. Det er delvis eit etterretningsproblem - eit spørsmål om kva slag og kor mykje informasjon som faktisk var tilgjengeleg om angriparens tiltak og intensjonar. Men det er også eit - minst like interessant - tolkings-spørsmål: Korleis vart den tilgjengelege informasjonen vurdert og analysert? Kva var referanseramma for dei som skulle prøve å finne eit mønster og ein samanheng i den mosaikken av uklare og tildels innbyrdes motstridande meldingar som kom til norske styresmakter i dagane fram til 9. april?⁴

«Taktisk varsel»: Etterretningsbildet

Ein av dei mest omfattande analysar vi i den seinare tid har fått av dei såkalla «strategiske overfall» er den amerikanske forskaren Richard K. Betts' bok *Surprise Attack*.⁵ Hans nokså deprimerande konklusjon, ut frå eit studium av ei rekkje strategiske overfall under og etter den andre verdskrigen, er at slike overfall alltid lykkast. Dei som kastar seg over studiet av 9. april i von om å finne svaret på korleis vi kunne ha unngått eller i det minste avvist det tyske overfallet, har såleis eit lite lovande utgangspunkt.

Ein annan av Richard Betts' meir allmenne slutningar er at det i forspelet til slike strategiske overfall berre unntaksvis er tale om mangel på faktisk informasjon om motpartens førebuingar til eit overfall. Hans retrospektive analysar av det etterretningstilfanget som stod til den overfallets disposisjon kan i dei fleste tilfelle påvise at korrekt og relevant informasjon var innfelt i materialet. Det var derfor i den etterretningsmessige analyse, vurdering og tolking av materialet at det svikta.

Meldingar til Oslo

I så måte blir dei såkalla «varsla» før 9. april langt på veg eit unntakstilfelle. Dersom vi analyserer dei meldingane som kom til norske styresmakter om tyske militære tiltak i aprildagane, utan å ta omsyn til det vi i ettertid har fått vite om kva som faktisk var under oppsegling, får vi eit bilde som i alle fall er forvirrande, og som i hovudsak er direkte misvisande i forhold til det som faktisk kom til å skje.

Dei fleste av dei innkomande informasjonane i dagane fram til 9. april må karakteriserast som «rykte» eller - som det heiter i nokre av meldingane - «forylydender». Og i den grad det i det heile var tale om norsk territorium som mål for eventuelle tyske militære tiltak, så kom det langt ute i rekkja, etter Nederland, Belgia, og Danmark. Typisk er den meldinga som kom frå

Berlin om ettermiddagen 5. april - den dagen som ville ha vore siste frist for eit mobiliseringsvedtak som skulle fått full effekt 9. april: Den refererte til tidlegare rapporterte «forlydender» om føreståande tysk innmarsj i Nederland, evt. også Danmark. Dessutan gjekk der no også «rykter om besettelse av punkter på Norges sydlige kyst. Hensikten ... skulle være å skynne på krigstempoet, og å komme Vestmaktene i forkjøpet.»⁶

Det vesentlege nye i meldingane som kom inn 7. april, var at dei inneheldt konkrete observasjonar. Spesielt galdt det ei melding som gjorde krav på å vere påliteleg, om tyske skip som hadde gått ut frå Stettin med vestleg kurs natt til 5. april. Målet var ukjent, men det vart sagt at «bestemmesstedet skulle nås 11 april.»⁷ Det er neppe nødvendig å vere sjømann for å forstå at ein flåte ikkje treng vel seks døgn frå Stettin til Norge. (Det har seinare vist seg at desse skipa faktisk var troppetransportskip med Norge som mål. Men meldinga var ufullstendig og delvis misvisande: Sjøtransportane frå Stettin til invasjonen i Norge gjekk ut i fleire etapper i perioden 2.-7. april.⁸) Ytterlegare observasjonar 7. og 8. april galdt tyske skip på veg nordover gjennom danske farvatn. Men den vegen må alle skip frå Østersjøen gå, også dei som skal ut i Nordsjøen. Kommanderande admiral og admiralstabssjefen meinte derfor at Nederland kunne vere målet for eit kombinert angrep frå sjø og over land.⁹

Vi kjem så til senkinga av «Rio de Janeiro», og meldinga frå Kristiansand 8. april kl. 1735 om at dei hadde fått i land omlag 100 tyskarar i grå uniformer som meinte dei var på veg til Bergen. Den var sjølv sagt i seg sjølv alarmerande. Men den stod inntil vidare som eit isolert tilfelle. Det var første gong Bergen kom inn i bildet, og der var ingen observasjonar som indikerte at dette einslege skipet «Rio de Janeiro», på veg gjennom Skagerak, var ledd i ein meir omfattande operasjon.

Vel så alarmerande var meldinga frå det britiske admiralitetet via den norske legasjonen i London same ettermiddagen, bygt på britiske observasjonar frå Nordsjøen. Telegrammet konkluderte slik: «Det antas med bestemthet at det er hensikten å foreta operasjonar mot Narvik og at de kunne komme dit før midnatt. Admiral Phillips tilføyet at tyskerne ved tida i aften kunne være ved Narvik.»¹⁰ Denne meldinga må etter dei fleste

tenkelege definisjonar kunne karakteriserast som eit «taktisk varsel». Men vi bør halde fast ved to spesielle trekk ved meldinga: Den var for det første eit varsel om ein isolert aksjon, retta mot Narvik. For det andre: Den kom frå det britiske admiralitet, hovudkvarteret for «The Royal Navy», den mektige britiske krigsflåten som alle rekna med hadde både vilje og evne til å hindre at ein slik aksjon skulle nå sitt mål.

Tilliten til at den britiske flåten ville ordne opp ligg truleg også bak den mystiske meldinga som gjekk ut frå den norske admiralstaben tidlegare på ettermiddagen 8. april: «Det forlyder at en britisk flåtestyrke er på vei mot Kattegat for å møte før meldte tyske krigsskip.»¹¹ Dette var ei klar feilslutning frå den norske admiralstaben: Den var basert på ei munnleg opplysning frå den britiske marineattachéen i Oslo, admiral Boyes, om at han hadde grunn til å tru «at en britisk flåtestyrke er på vei for å møte de tyske sjøstridskrefter som er stukket ut til sjøs.» Det admiral Boyes her må ha sikta til, var at den britiske «Home Fleet» var gått ut i Norskehavet for å møte den tyske hovudstyrken med «Scharnhorst» og «Gneisenau» i spissen. Orda «mot Kattegat» i meldinga frå admiralstaben var tydelegvis ei norsk kortslutning, som ikkje hadde grunnlag i den britiske marineattachéen si utsegn.

Som oppsummering er det for det første viktig å få slått fast at ingen av desse meldingane gav nokon indikasjon om den tyske invasjonens profil og dimensjonar, dens omfang eller styrke. Det meste ein i samtida kunne lese ut av dei tre-fire viktigaste meldingane som kom, var eit varsel om tyske militære tiltak som kunne ha sør-norske hamnebyar som mål, og - i dei siste timane - eit varsel om ein isolert aksjon mot Narvik. Ingen av meldingane peika i retning av eit samtidig overfall på alle dei viktigaste norske hamnebyane til og med Narvik i nord, eller at overfallet tok sikte på permanent okkupasjon av heile landet.

Eit første svar på spørsmålet om kvifor det tyske overfallet kom så overraskande, er derfor heilt enkelt etterretningssvikt, eller mangel på informasjon av det slaget som kunne fortelje dei ansvarlege statsmakter kva som var under oppsegling. Og den umiddelbare forklaringa på denne svikten er at Norge i 1940 i det heile ikkje hadde noko etterretningsapparat,

det vil seie eit organisert apparat for systematisk innsamling av informasjon om militære disposisjonar i vårt nærområde. Norsk militær etterretningstenestes historie - om vi nokon gong får lov til å skrive den - startar på eit nullpunkt i 1941.

Meldingar til London

Det er ikkje dermed sagt at det manglande apparatet var utslaggivande. Om vi kastar eit sideblikk til Storbritannia, med sin legendariske «secret service», så ser vi at apparatet nok eksisterte. Men det hadde mange svake punkt, ikkje minst når det galdt å følgje den tyske marines disposisjonar. «Ultra» - eller «Enigma» - dette sinnrike dekrypterings- eller kodeknekkarsystemet som skulle få slik avgjerande innverknad på krigens utvikling, var enno i 1940 framtidsmusikk. Ei annan side ved det som i jargongen heiter SIGINT - Signals Intelligence eller sambandsetterretning - gjekk ut på å registrere flåteaktivitet gjennom kvantitative målingar av radiotrafikk til og frå skip. Men også dette var i 1940 såpass nytt at det ikkje kunne gi sikre resultat. Eit meir tradisjonelt middel til informasjon - flyfotografering - vart hindra av dei avgrensingar som låg i avstanden mellom Storbritannia og Tyskland, og dei britiske rekognoseringsflys korte aksjonsradius. Luftfotografering over dei tyske nordsjøhamnene Emden og Wilhelmshafen kunne ikkje gjennomførast før i februar 1940, og over Kiel først 7. april.¹² Og som vi veit er det berre observasjon over ein viss tidsperiode som kan fortelje om aktivitetsmønstret avvik frå det «normale» i ei travel flåtehamn.

Vi står då igjen med siste skanse for etterretningstenesta: Direkte augevitne-observasjonar av tyske flåtestyrkar i sjøen. Her har vi no fått tilgjengeleg det britiske admiralitets krigsdagbok - og den er unekteleg interessant: Britiske ubåtar var nemleg på plass i Kattegat og Skagerak, og rapporterte over radio til London. Den britiske marineattacheen i Danmark var også aktiv. Mange av observasjonane var usikre og delvis innbyrdes motstridande, så bildet var uklart. Men dei siste meldingane - frå ubåten «Triton» 8. april kl. 1800 og 1830 - gjekk ut på at styrken i Kattegat, med

«Blücher» i leiinga, hadde runda Skagen og gjekk vestover med god fart.¹¹ Omlag samstundes kom ei melding om at eit Sunderland rekognoseringsfly hadde observert den tyske hovudstyrken utanfor Trondheim, også den med kurs vestover.¹⁴ Desse meldingane festa det britiske admiraltetet lit til, og drog derfor den slutninga som dei på førehand var innstilte på: Styrken i Kattegat, og den endå større styrken som no var i Norskehavet vest for Trondheim, skulle sannsynlegvis møtast ute i Nordsjøen - forslagsvis på 60° nord kl. 0500 9. april.¹⁵ Altså ein stad mellom Bergen og Shetland. Det var med andre ord den tyske flåtes utbrot til Atlanterhavet som spøkte i Admiraltys hjerner.

Denne fatale meldinga frå «Triton» har elles sin klare parallell i ei melding frå København som nådde Admiralstaben i Oslo kl. 2311: «Klokken 19 observertes 3 store krigsskip, avstand 12 sjømil, peiling NO Skagen Fyrskip, høy fart, kurs vest.»¹⁶ Dermed hadde heller ikkje den norske Admiralstaben grunn til å tru at Oslo var målet for denne tyske styrken.

I tilknytning til det britiske admiraltets klokkartru på eit tysk flåteutfall til Atlanterhavet kan vi merke oss at dette var nettopp det den tyske sjøkrigsleiinga ville ha britane til å tru: Under ein konferanse hos admiral Raeder 2. april vart det vist til faren for at den store styrken som først gjekk opp i Norskehavet, med slagskipa «Scharnhorst» og «Gneisenau» i brodden, ville alarmere britane. Også Hitler hadde sagt seg uroleg over dette. «Men», vart det notert i krigsdagboka, «vi kan forvente at motstandaren vår ikkje av dette dreg slutningar i retning av ein så vidtrekkande og omfattande operasjon som Weserübung. Tvertom er det sannsynleg at fienden, etter ytterlegare rekognosering av våre skipsforflyttingar, konkluderer med at det gjeld eit utfall mot handelsskipsfarten i Atlanteren. Han vil då konsentrere seg om mottiltak i området mellom Island og Shetland - særleg i farvatna nord om Shetland. Dermed vil kanskje tyngdepunktet i motstandarens mottiltak bli leia bort frå det området der vi spesielt ønskjer å unngå risiko for våre lettare stridskrefter, nemleg i området Bergen/Sør-Norge, der «Bremen»-styrken vil vere spesielt utsett.»¹⁷

I den omfattande analysen av britisk etterretning under krigen som no er tilgjengeleg i bokform, er der ein konklusjon vedrørande invasjonen i Norge og Danmark i 1940 som det er verd å sitere - ikkje minst til ettertanke for dei som enno har vanskeleg for å forstå korleis den norske regjeringa kunne feiltolke dei såkalla «varsla» før 9. april: «In all the circumstances, given the organisation of intelligence and the state of its sources ... we can scarcely be surprised that the significance of the many indications that Germany was preparing the invasion of Norway and Denmark eluded the individual intelligence bodies and the inter-departmental authorities, at the intelligence, planning and political levels, to whom they reported.»¹⁸ Fritt omsett ville denne lange og tunge setninga lyde slik: «Med den kjennskap vi har til korleis etterretninga var organisert, og til tilstanden når det galdt informasjonskjelder, kan vi neppe vere forundra over at dei sentrale organa som mottok rapportane ikkje var i stand til å tyde dei mange teikna på at Tyskland førebudde ein invasjon i Norge og Danmark.» Ein yngre britisk historikar har sagt det på ein annan måte: «Svikten skuldast først og fremst dei strategiske fordomane hos dei det galdt. Ei korrekt tolking ville ha kravt ein kombinasjonsevne som ingen av dei hadde.»¹⁹

Tolkinga av meldingane: Dei strategiske fordomane

Vi merkjer oss at den britiske etterretningshistoria, i den konklusjonen som ovanfor er sitert, gir to forklaringar på etterretnings-svikten: For det første dårlege eller manglande kjelder til informasjon; og for det andre mangelfull organisering av den delen av apparatet som skulle analysere, vurdere, og tolke dei opplysningar som fanst. Vi har hittil sett mest på etterretningsmaterialet, både på norsk og britisk side. Kva så med apparatet - etterretningsorganisasjonen? I norsk samanheng må vår første observasjon bli at eit slikt analyseapparat stort sett ikkje fanst, i alle fall ikkje i organisert form. Med omsyn til det som i sitatet blir kalla «individual intelligence bodies» - spesialiserte etterretningsorgan - så grensar det til språkleg misbruk dersom ein skulle finne på å kalle Generalstabens «Utenriksavdeling» og Admiralstabens «Etterretningskontor» i 1940 for «etterretningsorgan». Og den som vil leite etter norske parallellar til dei britiske «inter-departmental authorities», eller koordineringsorgan, leitar i alle fall forgjeves: Der fanst i Norge ikkje spor av organisert konsultasjon eller samordning mellom dei ulike kontor, stabar eller departement som hadde del-ansvar for beredskapen.

Vårt andre hovudspørsmål vedrørande dei «taktiske varsla», - det som går på analyse, vurdering og tolking av dei informasjonar som var tilgjengelege - blir derfor i norsk samanheng i 1940 eit spørsmål om dei individuelle aktørars mentale prosessar. Kjerneproblemet blir likevel det same: For det første, korleis kan ein skilje dei «rette» varsla frå dei falske? Og for det andre: Kva slag filtreringsprosess må informasjonane gjennomgå før dei gir seg utslag i handling?

Problemet med å skilje «rette» frå «falske» signal heng sjølvsagt saman med den kjensgjerning at dei «rette» signala alltid vil vere oppblanda med det som mange analytikarar har kalla «støy» - signal som peikar i andre retningar og som kan utviske, avkrefte eller i det

minste skape uvisse om dei «rette» signala. Vi kan illustrere dette ved å tenkje oss dei fire-fem meldingane eg har referert til - og som vi i vår etterpåklokskap veit hadde eit reelt innhald - lagt i rekkjefølgje etter kvarandre på eit blankt bord. Ein konklusjon om at ein tysk militær aksjon kunne vere i emning mot Norge kan då verke nesten uimotståeleg. Men situasjonen framfor 9. april var sjølv sagt ikkje slik: Då var desse fire-fem meldingane innblanda i ein heil kortstokk av andre og til dels motstridande meldingar - først og fremst rapportar i tilknytning til den britiske mineutlegginga, men også meldingar om føreståande tysk innmarsj i Holland og Belgia, eller i Danmark - for ikkje å snakke om den meldinga som kom via Aftenposten 7. april om at «tyskerne skal landsette 1,5 mill. mann på sydkysten av Norge.»²⁰

For det andre: Sjølv om ein langt på veg skulle lykkast i å skilje dei «rette» signala frå den omkringliggande «støy», så vil sjølv dei «rette» signala vere så mangetydige at dei må tolkast. Det vil seie at dei må igjennom ein mental filteringsprosess, der resultatet blir påverka av eit heilt kompleks av røynsler, forestillingar, kunnskapar og fordomar hos kvar einskild av dei som skal tolke signala eller ta avgjerder på grunnlag av dei. Utfallet av denne prosessen vil vere ulikt frå person til person. Men allment vil der, slik den amerikanske forskaren Thomas Schelling blant andre har gjort greie for, vere «ein tendens til å forveksle det uvande med det usannsynlege. Den eventualiteten vi ikkje har vurdert seriøst, synest merkeleg; det som synest merkeleg verkar usannsynleg; og det som verkar usannsynleg treng vi ikkje vurdere seriøst.»²¹

Her er vi ved kjerneproblemet framfor 9. april: Alle som på ein eller annan måte skulle prøve å gjere seg opp ei meining om kva dei innkomande signala innebar, var så vidt vi kan sjå overtydde om at det britiske flåteherredømet i Nordsjøen no som før gjorde god teneste som ei effektiv avskrekking mot tyske sjø- eller landmilitære operasjonar av stort omfang mot norsk territorium. Signal som kom frå London i 1939 måtte styrkje ei slik tru: I april fekk den britiske legasjonen instruks om å «be nordmennene sjå på kartet og innsjå at vi må forsvare Norge.»²² Og i september hadde den britiske minister i Oslo sagt til utanriksminister Koht

at «om Tyskland gjorde noko slag ågang mot Noreg, ville den britiske regjeringa ta det som ågang mot Storbritannia.»²³

Mot dette blir det ofte innvendt at vi faktisk hadde personar som såg klarare, og som gav uttrykk for det: To namn går her igjen, begge militære: Dåverande oberst Otto Ruge, og kaptein Øivinn Øi. Det er ingen tvil om at dei såg klarare enn dei fleste, på eitt punkt, nemleg tysk luftmakt som ein potensiell trussel mot britisk sjøherredøme. Men dei kom begge til kort i vurderinga av kor omfattande konsekvensane for Norge kunne bli. For Ruges del har vi no hans eigne ord for det: Den manglande norske beredskap 9. april «skyldtes ... også en ren militær feilvurdering, idet ingen her i landet hadde tenkt sig et strategisk overfall av slikt omfang og satt i verk med slik dristighet langs hele kysten fra Oslofjorden til Narvik.» Med tilvising til sitt eige pro memoria om eit strategisk overfall, frå sommaren 1938, skriv Ruge vidare at «i dette pro memoria regnet heller ikke jeg med et foretagende av slike dimensjoner som overfallet 9. april.»²⁴ Øivinn Øi gjorde ei tilsvarande feilvurdering då han i sitt foredrag i Oslo Militære Samfund i 1939, om det strategiske overfall, sa at eit slikt «neppe ville ha stort vidare mål enn å sette seg fast i periferien av vårt territorium.»²⁵

Overvurderinga av den britiske flåten som avskrekkingsfaktor var på ingen måte spesiell for Norge. Det same synet gjorde seg gjeldande i britiske instansar som kanskje burde ha visst betre. Vi kunne forsåvidt nøye oss med det følgjande sitatet frå «The First Lord of the Admiralty» - Winston Churchill - i eit memorandum frå 16. desember 1939: «Vi kan utan tvil innta og sette oss fast på dei øyar eller punkt på norskekysten som vi måtte ønskje.»²⁶ Britiske admiralar uttrykte seg ikkje fullt så bombastisk. Men jamvel dei meir pessimistiske blant dei synest å ha rekna med at sjølv om britisk flåtemakt kanskje ikkje var ei vasstett hindring mot tyske operasjonar mot norsk territorium, så ville ein rask britisk motaksjon sørgje for at slike eventuelle tiltak ville ende med eit kostbart tysk nederlag.

Om vi no for ei stund rettar søkjelyset mot London, må vi først konstatere at ein der ikkje visste noko om dei planar og førebuingar som var i gang på tysk side i tida frå 12. mars til 2. april. Både på britisk og -

spesielt - på fransk side var dei likevel framleis opptekne av Skandinavia. Nye franske krav til britane om aksjonar, både i Skandinavia og i andre område på trygg avstand frå fransk område, vart fremja. 28. mars vedtok så det øvste allierte krigsrådet fleire tiltak. To av dei har spesiell interesse i vår samanheng: Det skulle leggjast ut miner på norskekysten, samstundes med at elva Rhin skulle mineleggast frå lufta. Dagen etter - igjen etter forslag frå franskmennene, drøfta dei allierte spørsmålet om moglege tyske reaksjonar på minelegginga langs norskekysten. Resultatet vart ei liste med meir eller mindre sannsynlege tyske mottiltak. Eitt av dei mindre sannsynlege alternativa var ein tysk aksjon med sikte på å skaffe seg fly- og flåtebasar i Norge. For å hindre at ein slik aksjon i så fall skulle lykkast, burde likevel Vestmaktene førebu seg til sjølv å sette inn styrkar i Narvik, Trondheim, Bergen, og Stavanger, på eit tidspunkt då «tyskarane set foten på norsk jord eller der er klare prov på at dei er på veg dit.»²⁷

Ut av dette voks det fram to slag førebuingar. Det eine tok sikte på å raske saman dei styrkar som fanst - ialt åtte bataljonar. Det andre gjekk ut på å improvisere eit etterretningsapparat for å skaffe «den tidlegast moglege pålitelege informasjon om eit tysk utfall mot Norge eller Sverige.»²⁸ For dette formålet vart etterretningsoffiserar i all hast sende til fleire norske hamnebyar. Dei ville få ei vanskeleg oppgåve, og det var klart at dei første meldingane kunne vere usikre. Derfor vart det i prosessen mellom innhenting av informasjon og ei eventuell landsetting av britiske styrkar innlagt fleire sikringsventilar. Operasjonen kunne såleis avblåsast når som helst under overfarten, dersom meldingane om tyske aksjonar synte seg å vere falsk alarm.

4. april, dagen for minene etter planen skulle leggjast, var desse førebuingane på sett og vis klare. Men i mellomtida hadde franskmennene forkasta den delen av vedtaket frå 28. mars som galdt mineutslepp over Rhinen. Sidan dette var eit britisk vilkår for å leggje miner på norskekysten ville britane no først avlyse også dette tiltaket. Men etter åtvaring om at dette ville føre til politisk krise i Frankrike, der opinionen no kravde ein meir handlegkraftig krigspolitik, vart det likevel bestemt å leggje miner på norskekysten natta mellom 7. og 8. april. Knappt nokon i det britiske krigs-

kabinettet venta no nokon omfattande tysk reaksjon mot eit slikt tiltak. Førebuingane for britiske mottiltak vart likevel ståande ved lag - for det dei var verd. For, som hærministeren uttrykte det: «Dersom tyskarane i det heile skulle finne på å reagere, så vil dei truleg gjere det straks etter minelegginga. Vi vil derfor snart få vite om beredskapsstyrken vår kan oppløysast.»²⁹

Eg skal ikkje her gå vidare inn på britisk politikk under forspelet til 9. april.³⁰ Men vi bør legge til at den britiske krigsleiinga i dei første april dagane også drog den logiske konklusjonen av sin tillit til den britiske flåtes avskrekkingskraft, då dei vedtok minelegging på norskekysten: Fleirtalet av krigskabinettet venta seg ingen omfattande tyske mottiltak som reaksjon på mineutlegginga. Churchill, og nokre få andre, kan nok ha hatt ei von om at tyskarane ville gå i saksa. Fleirtalet venta det ikkje.³¹ Med andre ord: Den britiske krigsleiinga rekna det som mulig, om enn ikkje sannsynleg, at minelegginga kunne utløyse ei eller annan aggressiv tyske handling mot norsk område. Men om den så gjorde så kjende dei seg trygge på at dei kunne handtere utviklinga til eigen fordel. For å bruke eit moderne uttrykk: Dei trudde dei hadde «eskaleringskontroll».

På norsk side, derimot, måtte eit slikt «kjedereaksjonsmønster» skape sterk uro, av naturlege grunnar. For sjølv om ein var overtydd om at britane ville kunne slå tilbake ein tysk framstøyt, så var ikkje det godt nok sett frå norsk synsstad. Resultatet av ein slik open konflikt på norsk territorium kunne lett bli at Norge vart drege inn i krigen. Og det var det Norge helst ville unngå. Derfor var den norske regjeringa - sannsynlegvis også norske militære - den 8. april først og fremst opptekne av å «nøytralisere» den britiske minelegginga, for å hindre at denne aksjonen skulle bli utløysaren for ein slik kjedereaksjon.

Det som med andre ord hende med dei «signal» som kom til norske statsmakter i apriildagane, var at «støyen» - dei sterke signala om at ein større vest-alliert aksjon kunne vere i emning - fekk dominere, til fortrengsel for dei «rette» men svært uklare signala om ein omfattande tysk aksjon. «Støyen» nådde fram fordi den passa inn i eit på førehand konstruert tankemønster for kva som kunne hende.

Ein diskusjon om kvifor det «usannsynlege» likevel hende - kvifor Tyskland likevel trassa sjøstrategiens lover og gjekk til invasjon i Norge, fører lett over i ein større diskusjon om motiva for «Weserübung». Den diskusjonen kan vi ikkje ta opp her. Det sentrale, ut frå vår synsvinkel, er at Hitler-Tyskland var disponert for ein større grad av «gambling» i krigføringa enn både britar og nordmenn forestilte seg. Det er likevel for lett vint å avfeie dette med at det er lite vi kan gjere med ein motstandar som handlar irrasjonelt. For jamvel om «gambling» av typen «Weserübung» nok har sine irrasjonelle element, så er dei ukonvensjonelle element minst like viktige, og vel så interessante i ein krisehandterings-samanheng. For det er det ukonvensjonelle som er kjernen i eit vellykka overraskingsangrep.

Dermed er vi tilbake til Thomas Schellings poeng om tendensen til å forveksle det uvande med det usannsynlege. Det uvande eller ukonvensjonelle er jo også den kvantitativt underlegne makts beste våpen. Sjøstrategisk var Tyskland den svake part i 1940. Det var storadmiral Raeder fullstendig klar over. I ein rapport til Hitler om planlegginga for «Weserübung», 9. mars 1940, sa han klart ifrå at operasjonen «strir imot alle sjøkrigens reglar. Etter dei reglane kunne vi berre gjennomføre den dersom vi hadde overmakta til sjøs. Det har vi ikkje: tvert om skal vi utføre operasjonen framfor nasen på den klart overlegne britiske flåten.»³² Raeder var derfor fullt klar over at nøkkelen til suksess låg i overrasking, med sikte både på oppmarsjen og på sjølve angrepet.

Eit anna ukonvensjonelt element i «Weserübung» var utnyttinga av det tyske flyvåpens transportkapasitet: Av dei omlag 11 000 mann som vart sette inn i den første angrepsfasen, skulle 2 000 overførast med fly for å ta kontroll over flyplassane Fornebu og Sola. Over halvparten av Luftwaffes bidrag 9. april, eller mellom fire og fem hundre fly, var derfor transportfly. Når «luftmakt mot sjømakt» ofte blir framheva som ei forklaring på at Tyskland kunne vinne kampen om Norge, så er det likevel ei sanning med modifikasjonar. Norges-felttoget har få eksempel på effektiv bruk av tyske fly mot større marinefartøy. Dei britiske

skipa som vart senka av tyske fly var helst mindre eller lett pansra skip.³³ Luftwaffes avskrekkingseffekt var derimot formidabel: Den britiske heimeflåten overgav i realiteten Nordsjøen til tyskarane utan kamp, på grunn av risikoen for flyangrep. Det fortel oss lite om det tyske flyvåpens slagkraft mot marinefartøy, men desto meir om britisk prioritering: Sjølv ein etter måten moderat risiko for skipstap var nok til å halde den britiske flåten borte frå eit så pass lågt prioritert formål som forsvaret av Norge representerte i britisk global storstrategi.

Den politiske avgjerdsprosessen

Det tredje problemfeltet som eg ganske kort vil kome inn på, er den politiske avgjerdsprosessen. Dei fleste som er opptekne av dagens norske forsvarsberedskap, synest før eller seinare å kome fram til at vårt eige forsvar, og det opplegget som finst for allierte forsterkingar i ein krisesituasjon, teoretisk sett gir oss ein god sjanse, vel å merke dersom - og det er for mange eit stort dersom - dei politiske styresmaktene i tide treff dei vedtak som trengst. Bak dette ligg der sjølvstakt ein sterk tvil om politikarane - eller regjeringa - vil vere i stand til i tide å ta dei alvorlege avgjerder som trengst. Vedtak om skjerp beredskap, tilkalling av assistanse, eller mobilisering, er jo opptrapping mot open konflikt. Det må derfor vere legitimt å spørje om røynslene frå 9. april gir nokon indikasjonar av verdi i ein slik samanheng.

Her må vi for det første understreke den himmelvide skilnaden mellom Norges situasjon den gongen og i dag. Vi har i dag eit etterretnings-, kontroll- og varslingsapparat, nasjonalt og gjennom alliansen, som vi knapt kan finne spor av i 1940. Ei regjering vil idag derfor stå på eit heilt anna og langt sikrere kunnskapsgrunnlag når det gjeld premissa for dei konklusjonar den skal dra av situasjonen. På den andre sida har den enorme kunnskapsmengda i seg sjølv gjort analysen av informasjonane nesten uendeleg meir komplisert. Det kan derfor ha gått med etterretningsapparatet som med oss alle etter kvart som vi blir eldre: Vi får sterkare og sterkare briller, men vi ser likevel mindre og mindre.

Vi kan også legge til at eit mobiliseringsvedtak, eller eit vedtak om høg beredskap, har langt meir omfattande konsekvensar idag enn for 50 år sidan, både nasjonalt og - i endå større grad - internasjonalt. Eit mobiliseringsvedtak som i 1940 først og fremst ville ha hatt interne konsekvensar, kan idag bli eit farleg ledd i ein kjedereaksjon mot ein global konflikt.

Når det gjeld det tidspress som alltid spelar ei så viktig rolle i tryggingpolitiske krisesituasjonar, så kan ei samanlikning mellom situasjonen idag

og den for 50 år sidan slå begge vegar. Dei fire til elleve dagar det ville ta å mobilisere det norske forsvaret i 1940, er for lengst eit tilbakelagt stadium. På den andre sida vil store deler av dei allierte forsterkingar som vi er avhengige av, krevje endå lenger varslingsstid.

Med desse atterhald kan det likevel seiast at ein pessimisme overfor utsiktene til rettidige politiske vedtak neppe kan ta røynslene frå 1940 til inntekt for seg. Vel var vedtaket om mobilisering natta til 9. april uklart. Men det var ikkje desto mindre eit mobiliseringsvedtak, og det kom tidleg - faktisk før Minister Bräuer leverte det tyske ultimatum til regjeringa. Regjeringa vedtok med andre ord mobilisering medan det enno var uklart om det var ein avgrensa aksjon eller ein massiv invasjon som var under utvikling. Om vi gjer det tanke-eksperimentet at den tyske aksjonen faktisk hadde vore avgrensa til eit reint straffetiltak mot ein einseitig nøytralitetspolitikk, så skulle det ikkje ha forundra meg om mobiliseringsvedtaket av etterpåkloke kritikarar hadde blitt fordømt som ei panikkarta opptrapping. Ser vi så på regjeringa sitt kontante vedtak i morgontimane om å avvise det tyske ultimatum, så gir jo heller ikkje det grunnlag for nokon allmenn mistillit til dei politiske styresmaktens vedtakskraft i ein krisesituasjon.

Konklusjon

Dei fleste er no einige om at den tyske invasjonen og okkupasjonen av Norge og Danmark i stor-strategisk samanheng, og vurdert i ettertid, var eit dyrt feilgrep. Isolert sett må likevel «Weserübung» - sjøve invasjonen - bli ståande som eit klassisk eksempel på eit vellykka strategisk overfall. Nøkkelen låg i ei dobbel overrasking: Først strategisk, fordi den i sitt opplegg braut med alle sjøkrigens reglar, og dernest taktisk, ved at det lykkast å gjennomføre oppmarsjen utan å avsløre mål eller omfang for operasjonen. Perfekt var overfallet ikkje - det er nok å nemne senkinga av «Blücher», og at dei fleste av lastebåtane med ettertrygd og forsyningar ikkje kom fram i tide. Men konsekvensane av dette melde seg først etter 9. april.

La oss likevel vende tilbake til «overraskingsmomentet»: Dei meldingane som kom til norske styresmakter i apriildagane 1940 om tyske militære tiltak - og som i ettertid har fått namnet «varsla før 9. april» - kunne sjølv sagt tolkast i fleire retningar. Dei aller fleste - medrekna den norske marineleiinga - rekna med at dei tyske skipa skulle vestover, ikkje nordover til Norge. I alle fall står det fast at - for å gjere general Ruges ord til mine - «ingen her i landet hadde tenkt sig et strategisk overfall av et slikt omfang og satt i verk med slik dristighet.» I dag kan vi fastslå at det ikkje berre var her i landet at ein ikkje såg det som kom. Om vi ser på Storbritannia, på Danmark, eller for den del på Sverige, blir konklusjonen den same. Etterpåklokkens vegar er likevel uransakelege. 50 år er gått. Men kravet om at Halvdan Koht, og regjeringa Nygaardsvold, burde ha forstått det ingen andre forstod - det kravet lever framleis.

Om vi heilt til slutt gjer eit nytt tanke-eksperiment, som går ut på at Tyskland 9. april faktisk hadde sett i verk den invasjonen i Holland og Belgia som alle hadde venta på heile vinteren, kva ville då etterpåklokkenskapen ha sagt? Eg ser ingen grunn til å tvile på at dei fleste då ville ha konstatert at det var nettopp dette som låg i korta. I liknande situasjonar i dag, med sovjetiske marinefartøy under utsegling både frå Østersjøen og frå Murmansk, vil den klart mest sannsynlege tolkinga vere at ei ny sovje-

tisk marineøving i Norskehavet er i gang. Ei slik tolking vil ikkje minst bygge på dei mønster vi har frå liknande sovjetiske marineøvingar heilt frå 60-åra. Det store spørsmålet vil då, som i aprildagane 1940, vere om dei som skal vurdere meldingane har evne, mot, eller vilje til å vere opne for tolkingar som avvik frå det tilvande mønstret.

English Summary

«Weserübung»: The Perfect Surprise Attack?

The German invasion of Norway in 1940 is analysed in this study from the perspective of Norwegian «crisis management» as related to the dual problem of «warning» and «decision». Three aspects are considered: a) strategic warning; b) tactical warning; c) political decision-making.

Three factors are emphasised to explain why the German invasion took the Norwegian military and political authorities by surprise: First, the lack of real intelligence clues to the German operational plans and preparations. The study thus dismisses the popular myth that adequate warnings were received but not heeded. Second, the complete absence in Norway of anything that could properly be called organs for the collection and analysis of military-political intelligence. Third, the inability of decision-makers to free themselves from the established threat perception wherein a) a major German assault on Norway was rendered unthinkable by the superiority of British naval power in the area; and b) lesser-scale German attacks would only occur in retaliation against major British violations of Norwegian neutrality. This threat perception, and particularly its latter component, led to a concentration of attention on the actions and intentions of the Western Allies, and excluded consideration of the possibility that a German assault might occur independently of any Western «trigger».

A combination of flawed intelligence and strategic prejudice also explains why the British were taken by surprise: Convinced - like the Norwegians - that a major German assault on Norway was impossible in the face of British naval superiority, they were pre-disposed to interpret incoming reports of large-scale moves of German warships as indicating a break-out into the Atlantic. The success of the German invasion was thus due to a double surprise: First, by the strategic surprise of launching an operation which went contrary to the rules of naval warfare, and second, by

achieving tactical surprise in the actual execution of the assault.

Finally, the paper suggests that the Norwegian experience of 1940 lends no support to traditional doubts about the ability of the political authorities to make timely decisions in a crisis. Although the decision to mobilise was unclear and came too late, it was nevertheless a decision to mobilise, and it was taken before the scale of the assault was known.

Notar

1. Kfr. f.eks. A.George og R.Smoke, *Deterrence in American Foreign Policy* (New York 1974) s.164.
2. Problema kring ein truverdig norsk nøytralitetspolitikk er drafta hos Magne Skodvin i «*Norwegian Neutrality and the Question of Credibility*», i *Scandinavian Journal of History* vol.2 (1977) nr.1-2, s.123-146.
3. For forholdet mellom ein primær og ein sekundær trussel sjå John Sanness' artikkel «*Svensk monster for norsk alliansefrihet?*» i *Internasjonal Politikk* nr.4, 1977. Artikkelen er delvis gjengitt i J. Kr. Skogan (red.) *Utsyn og innblikk: Artikler av John Sanness* (Tiden, Oslo 1983) s.264-5.
4. Pionerarbeidet kring dette problemet i norsk samanheng er J. J. Holst, «*Surprise, Signals, and Reaction: The Attack on Norway April 9th, 1940 - Some Observations*», i *Cooperation and Conflict* Vol.2 nr. 1 (1966) s.31-45. Holsts artikkel er i sin tur inspirert av Roberta Wohlstetters grunnleggande analyse i *Pearl Harbor: Warning and Decision* (Stanford 1962). Eg vedstår meg gjerne mi gjeld til begge forfattarane.
5. Richard K.Betts, *Surprise Attack* (Brookings Institution, Washington D.C. 1982). Sjå også Ephraim Kam, *Surprise Attack: The Victim's Perspective* (Harvard University Press, Cambridge, MA 1988.)
6. Innstilling fra Undersøkelseskommissjonen av 1945: Bilag, bd.II s.148.
7. *Ibid.*, s.152.
8. Kfr. W.Hubatsch, *Weserübung* (Göttingen 1960) s.118.
9. Innstilling...Bilag bd.II s.154.
10. *Ibid.*, s.177.
11. Innstilling.....Bilag bd.II s.238. Kfr. E.A.Steen, *Norges Sjøkrig 1940-1945* bd.1 (Oslo 1954) s.201 og 205.
12. Kfr. U.Powys-Lubbe, *The Eye of Intelligence* (London 1984) s.28.
13. PRO (Public Record Office) London, ADM 223/126. *Admiralty War Diary*, 8.4.1940: Meldingar frå «Triton» kl.1800 og 1830.
14. *Ibid.*, melding frå ovstkommanderande Rosyth kl.1854.
15. *Ibid.*, Utgåande melding frå Admiralty kl.2120 med tilvising til meldinga frå «Triton».
16. Innstilling....Bilag bd.II s.231.
17. Rahn/Schreiber/Maierhofer, *Kriegstagebuch der Seekriegsleitung 1939-*

1945, Del A, bd.8: April 1940 (Bonn

18. F.H.Hinsley m.fl., *British Intelligence in the Second World War, Vol.1* s.115.

19. Patrick Salmon, *Scandinavia in British Strategy September 1939-April 1940* (upublisert doktoravhandling, University of Cambridge juli 1979) s.263.

20. Innstilling...Bilag, bd.II s.230.

21. Thomas Schelling, i forordet til R.Wohlstetter, *Pearl Harbor: Warning and Decision*, s. VII: («...a tendency to confuse the unfamiliar with the improbable. The contingency we have not considered seriously looks strange; what looks strange is thought improbable; what is improbable need not be considered seriously.»)

22. Patrick Salmon, *op.cit.* s. 41.

23. Innstilling...Bilag bd.I s.184.

24. O.Riste (red.), *Otto Ruge: Felttoget* (Aschehoug, Oslo 1989) s.204.

25. *Sjå Norsk Militært Tidsskrift 1939* s.296-317.

26. «We can certainly take and hold whatever islands or suitable points on the Norwegian coast we choose.» W.Churchill, *The Second World War, Vol.1* (Cassell, London 1948) s.432.

27. PRO London, Cab 66/6, W.P.(40) 115, 31.3.1940, s.2.

28. PRO London, Cab 80/105, C.O.S. (40) 278 (S), 4.4.1940.

29. PRO London, Cab 65/12, W.M.(40) 82nd Conclusions, Minute 6. Confidential Annex.(5.4.1940.) Kfr. også Cab 80/105, C.O.S.(40) 64th Meeting, 4.4.1940.

30. De grundigaste og beste analysen av britisk krigspolitikk andsynes Norden i dette tidsromet er Patrick Salmons upubliserte doktoravhandling frå Cambridge i 1979, sjå note 19 ovanfor.

31. Kfr. Paul Addison, *The Road to 1945* (Quartet Books, London 1977) s.88; og Patrick Salmon, *op.cit.*, s.260-264.

32. G.Wagner (red.), *Lagevorträge des Oberbefehlshabers der Kriegsmarine vor Hitler 1939-1945* (Lehmann, München 1972) s.85. («Die Unternehmung verstösst an sich gegen alle Regeln der Seekriegslehre. Nach dieser wäre sie nur bei Besitz der Seeherrschaft durch uns durchführbar. Diese haben wir nicht; im Gegenteil, wir führen die Unternehmung angesichts der weit überlegenen englischen Flotte durch.»)

33. Meir utførelg om dette i O.Riste, «Air Power, Sea Power, and Weserübung», i *Commission Internationale d'Histoire Militaire, Acta No.2: Washington D.C.1975.*

WESERÜBUNG:

Det perfekte strategiske overfall?

I amerikansk forskningslitteratur er det lenge blitt hevdet at «strategiske overfall» alltid vil lykkest. Dette gjeld jamvel om informasjonane på førehand - etterretningsmaterialet - inneheld korrekte varsel om kva som er i emning. Forklaringa ligg i at dei «rette» varsla alltid er oppblanda med misvisande meldingar som peikar i andre retningar. Dei som skal tolke meldingane vil då feste mest litt til dei som synest mest «sannsynlege» ut frå det dei på førehand ventar kan skje.

Denne studien viser at den tyske invasjonen i Norge fell utanfor dette mønstrer på eitt punkt: Ingen av meldingane gav påliteleg informasjon om kva som faktisk var under oppsegling. Bortsett frå det høver WESERÜBUNG godt til det forskningslitteraturen har kome fram til etter eit studium av liknande overfall: Både i Norge og i Storbritannia var ein overtydd om at den tyske marinen var for svak til å våge ein omfattande landgangsoperasjon i eit område der Storbritannia hadde sjøherredømet. Meldingane om utseingane av tyske krigsskip frå nordtyske hamner vart derfor tolka i retning av det ein på førehand venta seg: nemleg eit tysk flåteutfall til Atlanteren, eller eit ledd i ein vest-offensiv.

Olav Riste er leiar for Institutt for forsvarsstudiar og professor II ved Universitetet i Bergen. Han har tidlegare gitt ut bl.a. tobandsverket «London-regjeringa»: Norge i krigsalliansen 1940-1945.

